

## Nyttårmottaking for tilsette i Oslo bispedømme 2021

Vi startar ved lysgloben i dag, ved verda og verkelegheita slik ho slår innover oss gjennom nyheitene: Leirskredet på Ask i Gjerdrum rysta oss alle.

Eit lys i omtanke og medkjensle.

\*

Storminga av kongressen i Washington DC. Det er mykje som står på spel: Respekt for sanning og respekt for andre.

Eit lys for rettferd og fred.

\*

Alle som er på flukt. Eit stort hjartesukk for alle som befinn seg i det vi kallar den nye Moria leiren. Må myndigheitene i vårt land og andre få visdom til å handle snart.

Eit lys.

\*

Og et lys til deg som er ein del av denne nyttårmottakinga.

\*

### **Kjære kvar og ein: Godt nytt år!**

Og det er det spesielt viktig for meg å seie akkurat no, takk, tusen takk for det gamle. Det var eit år då hendingar som ingen kunne forut-sjå, sette preg på livet til kvar og ein av oss, og på livet vårt saman.

Takk for all innsatsvilje, for kreativitet og gjensidig omsorg i denne tida.

Vi og de har jobba meir enn godt nok!

Eg driv no og gjennomgår tilbakemeldingar og rapportar frå julefeiringa som fann stad under usikre og nesten umoglege forhold. Eg må berre seie at eg er imponert over alt de har fått til. Takk.

Vi vart sett på prøve dette året. Mangt og mykje har gått føre seg sånn som no:

Her står eg og skjermen er mellom oss.

I fjor stod vi her som sild i tønne: Åt *wraps* og hadde levande musikk og nokre av dykk to ein svingom her framføre meg.

Digital kommunikasjon reduserer fem sansar til to. No håpar eg du sit med ein kopp kaffi, eller te og noko godt å bite i. Eg vil tale i omlag 20 minutt, du treng ikkje ta notat, eg legg det ut som tekst om du vil lese.

Spørsmålet er om det siste året har gjort noko med oss, gjort noko med vår identitet som kyrkje?

Kyrkja er forsamlinga av dei heilage, der evangeliet blir lært reint og sakramenta forvalta rett, seier Confessio Augustana (CA 7). Vi er saman ei, heilag og allmenn kyrkje, ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. Det er vi.

Men utifrå det vi har opplevd saman no dette året, kan seie noko meir. For er det noko vi har lært dette året, er det at vi er gjensidig avhengig av kvarandre.

Kva er kyrkja?

Ho synte seg for ho som melder tilbake at «eg tok steget ut av leilegheita i dag, etter fleire dagar aleine i isolasjon, eg trengde å gå butikken, som kom eg forbi ei open kyrkjedør, og møtte eit vennleg ansikt som sa « hei»,...»

Kyrkja er den stemma som ringer eller tek telefonen. Kyrkja er kyrkjelyden, vi kan ikkje snakke om kyrkje dette året utan å nemne kantor og kyrkjemusikarane.

Frå 1. januar 2021 er vi eit trussamfunn i sivilsamfunnet, vi er skild frå staten og trussamfunnslova gjeld for alle. Korleis snakkar vi og tenkjer vi om oss sjølve?

Vi er stadig og vil vere, ei folkekyrkje som er geografisk til stades i kvar ein avkrok. Vi er framleis ei kyrkje for dei store overgangane i livet, ei livslaupskyrkje: Dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferd. Og la meg legge til: også for dei mindre, men for mange like avgjerande overgangar: Sorga det ikkje sendes blomar til, folk som erfarer: «-eg er permitert, utan arbeid», -«eg er ny i byen her».

Kven er vi, kvar og på kva måte vil vere stades i bispedømmet vårt?

Sjå rundt deg. Kor sit du? Er du på jobb?

Er det noko eg har lært etter ned-stenginga så er det at å være kyrkje, det kan skje på uventa stader: Rundt kjøkenbordet, når andre har okkupert arbeidsbordet. På benken oppe i Svartdalen, ved sofabordet. Nokre har skrive om *diakoniens* sju bord.<sup>i</sup>

Bli med meg no, for å utforske om det er mogleg å seie noko meningsfullt om *kyrkjas* sju bord.

**Påstand: Når kyrkja er på sitt beste, slår folk seg ned ved desse borda. Og dei beveger seg mellom dei.** Kva bord er det snakk om? Lat oss seie parkbenken (sic!), kjøkkenbordet, nattverdsbordet, salong(/el sofa)-bordet, rundebordet, skrivebordet og talarstolen.

Svært mange forsøk på å beskrive kyrkjas, eller diakoniens stader lagar fort eit hierarki av kva som er først og sist, nødvendig og mindre viktig. Men for meg er det viktig å understreke at desse sju stadene, er alle nødvendige og avhengige av kvarandre. Ja, skal vi teikne linjer mellom dei ulike punkta, må det vere med piler som peikar *begge vegar*: Sånn at parkbordet er nødvendig for nattverdbordet og salongbordet, og omvendt.

Vi har jo opplevd dette året at nokre grenser har for skjøve seg, for då eg i januar i fjor fekk støtte i Paulus og Sofienbergs menighetsråd til å halde Paulus kirke open om natta for dei som trengte ein varm stad å være og tak over hovudet vart kyrkjebenken til ein parkbenk, og då vi seinare på året måtte feire gudstenester utafør kyrkjerommet, vart parkbenkene til kyrkjebenker.

Borda på arbeidsplassen, både samtalebordet og skrivebordet og undervisningsbordet vart til kjøkkenbord med heimekontor og kanskje også heimeskole. Sju nødvendige og heilt ulike bord. Tenk etter? Kor kjenner du deg igjen og finn du deg heime, korleis er det i ditt sokn? Er det nokre bord som manglar?

Vi kan starte kor som helst: Eg vil starte med parkbenken som møtestad. Parkbenken til samtale og kanskje for å dele kaffi og ein bolle: Det oppsøkande nærværet, i nærområdet ditt. På turen: «Er det nokon som vil gå tur med meg?» I parken: «Er det ok at eg set meg ned?»

Det runde bordet kan vere i kyrkja, på menigheitshuset, i heimane, eller andre stader. Kor skjer planlegginga i menigheita, dei viktige samtalene: kven får vere med? På godt norsk: «Church in the round»,<sup>ii</sup> er stadig ei utfordring for oss, at alle skal kome til orde og høyrast. Eg veit at nokre av oss tek ordet oftare enn andre. Eg veit at nokre ikkje får ordet.

Kjøkenbordet- og benken er der dagen startar og sluttar for mange av oss. Dette er staden for det kvardagsleg nødvendige, å lage og dele mat, og for dei gode samtalane om det som har skjert. Kjøkenbordet er også staden for å ta imot gjester.

Salongbordet er ein fjerde stad, i stolar rundt dette bordet, går samtalane føre seg lågmælt: Behovet for å ha nokon å snakke med er stort, møte med nokon som bryr seg, med deg som er i stand til å romme og ta imot. Som toler og orkar både å lytte og vere der saman med deg i stillheit.

Skrivebordet er ein femte nødvendig stad: Ein stad for å oppsummere inntrykk, for å lese, både bibeltekstar, nyheiter og faglitteratur, og førebu oss, for å arkivere, svare på telefonar og brev, (sikre kvalitet), administrere. Dette er eit nødvendig bord som mange går fort forbi: - «og så har vi ein sekretær, kontorhjelp *nederst* på lista over tilsette kanskje, men *først* når det kjem til kontakt med folk som tar kontakt med kyrkjekontoret.»

Og så, ein eller stad her, er også altaret / nattverdbordet. Ein stad for samling og bøn, ein stad for å dele Guds gode gåver, for å be for verda og oss sjølve, og for å tilbe og takke. Dette året har vi sakna fellesskapet rundt nattverdbordet, vi har sakna nattverd. -Vi er ikkje ferdig med denne samtalen, korleis forvalte sakramenta verdig og rett, vere kyrkje med ord og bordet, når altarbordet i kyrkjerommet er fysisk avsperra?

Men enno eit bord står igjen, det det sjuande møbelet, som meir har form av eit bord sett på høgkant, eit kjærte barn som har mange namn og som

ofte dominerer protestantiske kyrkjerom, preikestol, ambo, lesepult: ein stad for å lese evangeliet og å forkynne. I mange lutherske framstillingar av kyrkjeleg liv så er det denne staden som ragar høgst og kjem *først*.

Forkynning av Guds nåde og kjærleik og profetiske ord om dei utfordringane vi og verda møter no.

Preikestol, ja, men det rundt det runde bordet, sofabordet, parkbenken, salongbordet, kjøkenbodet vi får greie på kva som står på spel eigentleg, *no*, her, i parken og i heimane, i Gjerdrum og på sjukeheimen.

Har eg sagt noko nytt med desse sju borda. Ja! For dette er kyrkja i Oslo bispedømme. Dei ulike borda kan hjelpe oss til å halde bakkekontakten når vi i ord og handling arbeider med (målsetjinga) meir himmel på jord. Å lytte og å dele og å romme, trøste og gi nytt håp, ved dei andre borda - er også å formidle evangeliet, fullt og heilt og ikkje stykkevis og delt.

Men du, der du sit ved eit av borda: Kor kjenner du deg igjen og finn du deg heime? Eg håpar du finn din stad, dine stader, og kanskje dette året blir også samtalen: Korleis er det hos oss. Er det nokre bord som manglar? Nokre som burde vore utvida?

....

### **Og no vender oss mot 2021:**

Eg står her under Hans Nilsen Hauge og vi vil i 2021 markere 250 år etter Hauges fødsel.<sup>iii</sup> Eit anna jubileum: For 60 år sidan skjedde det noko som endra den norske kyrkja. Mange av oss blei fødd, men grunnen til at mange av oss fekk kallet til å verte prestar, var ordinasjon av Ingrid Bjerkås i Vang kirke 19. mars 1961.

Vi kan ikkje ta kvarandre for gitt. Og stadig gjeld det for kjønn og LHBT+ identitet: Mobbing skjer. Ta det på alvor, og la oss snakke om og med kvarande som heile menneske, ikkje som ei sak.

Vi vil motarbeide framandfrykt og som Ungdomens Kyrkjemøte tok opp: Vi må gå laus på debattklimaet og hat prat.

Lat meg minne om *Kirkelig dialogsent*er. Eit kompetansesenter for religionsmøte. «Hugs at vi fins», minner Hanna Barth Hake og Tonje Kristoffersen oss om. I vår går kurset «Alt du lurar på om islam, men ikkje har kunnet spørre om» av stabelen. Det er 15 påmeldte og dei har alle har sendt inn spørsmål og imam Faruk Terzic (i Det islamske Fellesskap Bosnia-Hercegovina) vil vere med på å svare.

Andre framtidsgleder for Oslo bispedømme: Nettverket «Framtiden bor hos oss» blei etablert i haust, og vi skal få fleire Åpne kirker.

Takk til de som har starta jobben dykkar i Bispedømme dette året. Takk til alle de som tok spranget og blei del av Asker. Eg håpar de og alle ny tilsette har funne dykk vel til rette, ved eit eller fleire bord!

Takk til de på som arbeider som spesialprestar og diakonar, ved fengsel, sjukeheim, sjukehus, studentprestane, teneste mot unge vaksne. Eg veit det har vore krevjande.

Her på bispekontoret vil det skje endringar i dette året. Etter 12 år forflyttar stiftsdirektør Elise seg, ho blir generalsekretær i Bispemøtet. Lukke til og takk!

Eg har ikkje nemnt det til no, men noko av det eg veit mange av oss les, om det no er ved skrivebordet eller i god-stolen, er dikt og skjønnlitteratur som kan gi oss nye ord og sjå ting på ein annan måte.

Eg delte eit dikt som eg fekk av poeten Helge Torvund på heimesida mi denne nyårshelga. Nokre som las det, meldte tilbake at dette er jo for enkelt og naivt, det talar ikkje sant om verda. Sånne innvendingar har mange av oss møtt og også tenkt sjølv i møte med enkle formuleringar: «Ingen er så trygg i fare», kanskje også «Deilig er jorden».

Det er eitt språk som er nødvendig for å sette ord på det som er, - på tal og statistikk og frammøte, eit språk som tel *likes* og kollektpengar.

Men det finst også eit anna språk, som er like nødvendig for at kyrkja skal vere kyrkje: Vi kan kalle det håps-språket eller kjærleikspråket, dei bærekraftige orda som set ord på det som kunne ha vore annleis, det vi lengtar etter, ber og håper på.

Vi kan også kalle det poesien eller kunstens språk. Eg kallar det kyrkja sitt språk: Det er ord vi høyrer, eller les, eller syng i protest og som er nødvendige, ikkje berre for oss som går i trafikk mellom dei ulike kyrkjjas bord, men for alle dei som har sett fram til å feire jul og nytt år dette året. Og eit betre eksempel på sånt nødvendig poetisk språk, enn den salmen vi både syng til jul og ved gravferd og elles alle kvardagar, enn «Deilig er jorden» finst vel ikkje. Er jorda deilig? I staden for å kjøre debatt om det, veit alle dei som syng at det er riktige og nødvendige ord. Deilig er jorden: I håp og i protest, som bøn og som eit lys over alle bord i kyrkja og verda:

Video: Deilig er jorden

i Lindström Sanna och Hans-Erik: *Diakonins sju bord – om medmänniskt engagemang* av Verbum, 2015

ii Russell Letty M.: *Church in the Round: Feminist Interpretation of the Church*. Westminster John Knox Press, 1993

iii Den offisielle starten på 250-års-jubileet blir markert med eit symposium i Oslo 18. februar. Sjekk [nettsiden opprettet for jubileet](#).